

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Skimmherad
 Emne: Ard og plog Bygdelag: Omvikdalen
 Oppskr. av: Arne Stuland Gard: Stuland.
 (adresse): Rammefveit G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Alder 77 år.

SVAR

1. No er berre plog i bruk, men ard var nok i bruk - etter segni - for lenge, lenge sidan. Endå
2. til namnet ard er gløymt no. Og ingen veit noko um korleis ard var brukt anna "som eit slag plog".
 Komet her nok alltid vore mylda med med rive. "Hylde riva" som ho heitte, hadde nok i gamal tid tin: dar av tre (ark), men seinare alltid av jarn.
3. Fell burt.
4. og 5. Like eins.
6. Namnet på skjekene til plog er skåk - fll. skjeker, namnet kinnla er brukt like mykje.
7. På ard (eller plogskjar) er namnet "vongsne" bruka i gamle skiftebrev frå Skimmherad i slutten av 1600 åri og fyrst i 1700 talet. Men det er ikkje sagt um dette vongsne høyrer til ard eller til plog. Det kann vel vera at plog med veltefjøl av tre her har namnet vongsni på det som seinare heitte "skjara".
- 8 - 9 og 10 fell burt. ¹¹ "Hyppeplogar" som liknar mykje fig. 7
11. var og er i bruk. Dei var utan ristil, men dei 2 veltefjölene kunde stillast. Fjölene var av jarn. Desse "plogane" var bruka til å slå upp rader til potetar og til "hyppjing".
12. Hyppeplogane vart laga av bygdesmedar.
13. No er berre moderne fabrikksmidde plogar i bruk. Yver =

- gangen frå heimegjorde bil fabrikksmidde plogar gjekk fyre-
seg i 1880 åri (fyrest Eskilstunaplogar). Men alt tidlegare (i
1850-60 åri?) hadde det frå landbrukskulen for Søndre Ber-
genhus amt (på garden Sandvik i Skimmherad) vorte gjeve ein
og annan "moderne" plog som "påkjonnelse" til seks flinke
elevar eller dugande jordbrukarar. -- I bygdi var frå
1820 åri av og seinare mange plogar i bruk som var laga av
Samson Torsson Skuland (Skuland) fødd 1798. Risbil, skjara,
veltefjøl og styrestong var av jarn. Pisen er ukjend. Det
kunde vera høgrehandsplogar eller vinstrehandsplogar.
14. Grundaplog som fig. 8 skal ha vore i bruk i bygdi -
for vel eit par mannsaldrar sidan. Velte fjøli var, i
den tid nedskrivaren kann minnst, vidd og ofte med
jarnbeslag - nærast "skjara". Aurokida var av jarn.
 15. Plogkoren kunde bruka ein ^{vanleg} spade til å til å rein-
ska plozen med. Men spaden var korkje fest til plozen
eller hadde noko særskilt namn.
 16. Plozen velte til fjøl-sida.
 17. Ja, men han hadde ikkje eige namn.
 18. Ja, iminsto på mange gardar. Sidan åkrane tidt låg
i hallande lende, hindra ein med å bruka to slag
plogar moldi frå å reka ned til nedste åkerreini.
Endå laut i på mange bratte åkrar "krya upp rein" frå
nedste til øvste kanten av åkeren fyre ein plögde.
 19. Djupnegangen vart regulert ved at plogkoren ante hængde
på eller letta i plogstyrestongi (handbaket på stongi).
Slepoko eller hjul framme kom med fabrikkplogane.
 20. Ja, på dei heime-smidde.
 21. Nei. Like eins nei til ~~no~~ 22 og 23.
Arð er hankjøn.

2866

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING